



Føremål:	Dato:
Arbeidsmøte for å avklare motsegner til områderegulering for Sulafjellet.	27. februar 2024 kl 11-14 Møterom Karitind, Fylkeshuset
Til stades:	Forfall:
Statsforvaltaren: Ulf Lucasen, Astrid Buset og Tormod Meisingset. Sula kommune: Cecilie Solli og Terje Havnegjerde Nordplan: Steinar Nesdal og Heidi Hansen	-
Referent:	Neste møte:
Tormod Meisingset	-

Referat frå arbeidsmøte 27. februar 2024. Områderegulering Sulafjellet.

Underdirektør for seksjon plan og klima Ulf Lucasen leia møtet.

Bakgrunnen for møtet er motsegner til planane om å bygge ei gondolbane frå Devoldfabrikken i Langevåg sentrum til Rundehornet på Sulafjellet. Målet med møtet var å finne løysingar på fire motsegnspunkt.

1. Landbruk

Nordplan la fram forslag til nye planføresegner og kart med skissert plassering av sperregjerde, utarbeidd i samråd med dyreeigar.

Vonløypa har mange brukarar og ulike brukargrupper. Av omsyn til friluftslivsinteressene rår Statsforvaltaren til at ein vurderer fe-rist på tilkomstveg i tillegg til grind. Høyr med matprodusent om innspel.

Det kan brukast anna type gjerde rundt installasjonar og bygningar på toppen. Funksjon er viktigast med at sau og lam ikkje vert utsett for skade. Avtast med matprodusent.

Tenk gjerne også folkeopplysning ved utforming av informasjonsskilt om båndtvang og beitedyr. Kva fører beitedyr til for oss menneskjer? Matproduksjon, forhindre gjengroing av kulturlandskap, auka biomangfald, opplevingsverdi osv. Kommunen var positiv til innspelet.

2. Atlantisk høgmyr

Statsforvaltaren meiner det er lagt fram gode forslag til tiltak og tilpassingar i planen.

Hovudføremålet med avbøtande tiltak, er å sikre vasshushaldet i høgmyra. Dette ved å gjenopprette vassiget gjennom turvegen og tette skjeringar langs veg, for å hindre drenering. Bør vere mogleg å plugge igjen grøft med stadeigne massar fleire plassar, og legge stikkrenne/rør gjennom vegen for å tilføre vatnet til myra. Vurdèr bruk av hydrolog i arbeidet. Ønskeleg med fine avslutningar på stikkrenner.

3. Støy

Støykrava i områdeplan for Langevåg er innarbeidd i nye planføresegner. «Om-koding» er gjennomført, og føresegnene er greie.



4. Barn og unge

Styrande dokument for motsegna er [rikspolitiske retningslinjer for å styrke born og unge sine interesser i planlegginga](#), med dette at born og ungdom skal bli tatt med på råd.

Diskusjon rundt kva negative konsekvensar for barn og unge tiltaket kan få for kvaliteten og bruken av området i dag og i framtida. Er det behov for erstatningsareal eller kompensierende tiltak? Vanskelege vurderingar, der barnetrakk kanskje ikkje er så godt eigna for å greie ut eit enkeltområde. Statsforvaltaren rår til å systematisere eksisterande kunnskap etter metode for «Barnkonsekvensanalys» som TØI har utarbeidd.

Det vart drøfta ulike kompensierende tiltak og tilrettelegging for betre ferdsle gjennom området. Bør sette i stand vegen «Knivstikkaren» til gangsti som gjev moglegheit til å sykle og trille barnevogn. Ein kan vurdere om vegen skal lyssettast.

Det kan også vere eit tiltak å endre føremål på arealet som i kommuneplana er satt av offentleg eller privat tenesteyting – framtidig, til friområde. Kommunen må ta ei runde på behov for dette arealet til offentleg tenesteyting.

Undersøk kvalitet på bekken og hald bekkeløpet ope. Er det potensiale for sjøaure eller bekkeare?

Konklusjon og oppfølging

Det vart semje om motsegnspunkt 1 til 3; landbruk, atlantisk høgmyr og støy. Utfyllande tilbakemelding på punkt 4 Born og unge kjem etter at Statsforvaltaren har vore på synfaring. Statsforvaltaren avtalar synfaring med Sula kommune i løpet av mars (før påske). Etter synfaringa kan Sula kommune gjennomføre ei avgrensa høyring på dei punkta vi har vorte einige om.